



HAREID KOMMUNE

Område for kultur

Sak: VEDTEKTER
UNGDOMMENS KULTURPRIS

Saksnr 2007/141 VEDTEKTER	Løpenr. 218/2007	Klassering	Stad Hareid	Dato 09.01.2007
---------------------------------	---------------------	------------	----------------	--------------------

UNGDOMMENS KULTURPRIS SPAREBANKEN MØRE

- 1. Sparebanken Møre Hareid og Hareid kommune ved kulturavdelinga går frå 2006 saman om å dele ut ein ungdommens kulturpris.
Namnet på prisen er Ungdommens Kulturpris
Sparebanken Møre**
- 2. Kostnadane knytt til prisbeløp og diplom vert dekt av Sparebanken Møre Hareid, administrative oppgåver vert utført av kulturkontoret.**
- 3. Ungdommens Kulturpris vert tildelt enkeltpersonar under 25 år, grupper , lag eller foreiningar frå Hareid som i løpet av året, eller gjennom fleire år, har gjort ein særleg verdfull innsats innanfor det utvida kulturbegrepet.**
- 4. Ungdommens Kulturpris kan utdelast som ei oppmuntring for utført innsats, eller som eit stipend.**
- 5. I god tid før utdelinga skal det kunngjerast i lokale media at grunngjeve forslag til kandidatar kan sendast kulturkontoret innan fastsett dato.Namn på kandidatar vert ikkje gjort offentleg.**
- 6. Ei nemnd samansett av representantar frå Sparebanken Møre Hareid, ungdomsrådet og Hareid kommune gjer endeleg vedtak om tildeling av Ungdommens Kulturpris.Nemnda kan gje prisen til ein av dei føreslegne kandidatane, eller til ein kandidat nemnda sjølv foreslår.**
- 7. Utdelinga av Ungdommens Kulturpris vert gjort av ordføraren, eller den ordføraren utnemner, i samband med eit høveleg arrangement.**

Vedtektene vedtekne i møte 8.desember 2006.

